

Frekhaugmarka Vel
Galtenesvegen 42
5918 Frekhaug

13.februar 2022

Alver kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø

Klage på vedtak. Sak 21/86017. Dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø for etablering av parkeringsplass på gnr 324 bnr 204.

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka og til synfaring på staden 09.02.22.

Frekhaugmarka Vel klagar med dette på Alver kommune sitt vedtak i sak 21/86017, der det er gitt dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø for etablering av parkeringsplass på gnr 324 bnr 204.

Frekhaugmarka vel har tidlegare gjeve ein negativ merknad til søknaden om dispensasjon. Vi har hatt eit spesielt fokus på dei trafikale forholda i Galtenesvegen. Byggjefeltet blei etablert frå slutten av 1970-talet og vidare ut på 80-talet. Intensjonen den gongen var at ein skulle bruke avsett areal til fellesparkering og garasjeanlegg og gå til bustadene. Slik er det ikkje lenger og det er no i langt større grad køyring til eigedomane. I alt er det 184 bueiningar i feltet, i hovudsak eneboliger, der Galtenesveien har 120 unike adresser/boliger. Vegsystemet er spinkelt utforma. Dei fleste stadene kan ikkje to personbilar passere kvarandre, utan at ein bruker dei private avkøyrslene som passeringslommer. Langs Galtenesvegen ligger bustadene tett inntil vegen på begge sider med tilhøyrande avkøyrslar. Allereie i dag er det utfordrande trafikale forhold her som sett trafikktryggleiken på prøve kvar dag. Dette gjelder særleg forholdet mellom bilistar og mjuke trafikantar.

Frekhaugmarka Vel har gjennom mange år samarbeidd med BOF om utvikling av friområdet i Haltejohansvika. Vi ønsker at dette skal kunne nyttast av dei som bur i feltet og av andre. Vår erfaring er likevel at dei trafikale tilhøva har forverra seg drastisk, etter at BOF etablerte parkeringsplassen i enden av Galtenesvegen. I sommarhalvåret er trafikkmengda iallefall fordobla, med trafikk frå tidleg om morgonen til seint utpå kvelden. Dette er utfordrande for de som bor i området når dei skal ta seg fram til Haltejohansvika, ballbingen midt i Galtenesvegen og til skule og barnehage. Galtenesvegen er skuleveg.

Bustadfeltet gjennomgår no eit generasjonsskifte og det er langt fleire born og unge her enn for berre få år sidan. Born og unge er særleg utsett med auka trafikk i feltet. Vi ser at fartsnivået er høgt og at skilta hastighet på 30 km/t ikkje vert respektert. Utan tilbod til mjuke trafikantar på større delar av vegen kan dette få fatale følger. De siste årene kjenner vi til mange hendingar med nesten-

ulykker. Trongen for sikring av dei mjuke trafikantane i Galtenesvegen har vore teken opp med kommunen (Meland kommune) fleire gonger utan at dette har resultert i noko konkret.

Ofta var den aktuelle parkeringsplassen full. Det resulterte i parkering langs Galtenesvegen. Dette gjer det vanskeleg for utrykkingskøyretøy og renovasjon å ta seg fram. Det er til tider kaotiske situasjonar, med køyring til og frå parkeringsplassen. I denne situasjonen skal barn og unge ta seg fram til fots og på sykkel. Dette er særdeles utfordrande, spesielt når ein tenker på at barn ofte ikkje er synleg i trafikkbilde når dei vandrar mellom parkerte bilar. Ulukker mellom bilar og mjuke trafikantar vil alltid gå ut over sistnemnde. Vi presiserer at vi ikkje har råd til å miste nokon i trafikkulukker i Galtenesvegen. Auka trafikk i Galtenesvegen vurderer vi til ikkje å vere i samsvar med 0 visjonen om 0 hardt skadde og drepne i trafikken.

I kommunen sitt arbeid med saka ser vi at det har vore fokus på sjølve parkeringsplassen. Det er teke lite omsyn til dei trafikale endringane som bruken av parkeringsplassen medfører for bustadfeltet. Dette finner vi mangelfullt i saksframstillinga. Kommunen burde hatt fokus på kva denne dispensasjonen medfører for trafikktryggleiken og då spesielt for born og unge si daglege ferdsle. Vi skjønner at det er lite areal til parkering, men stiller spørsmål ved dei trafikale konsekvensane av å tillate auka trafikk gjennom eit bustadfelt. Etter at kommunen stengde parkeringsplassen har vi hatt betre trafikale forhold i Galtenesvegen. Frekhaugmarka Vel vil presisere at vi trass i dette stiller oss positive til etablering av et par plasser til handicapparkering, slik at desse kan få tilkomst til Halte johansvika.

Halte johansvika er eit friområde som er mykje brukt. Difor burde tilkomst til området og parkering vore arbeidd med på ein mykje breiare skala enn det som no har funne stad gjennom ein dispensasjon. Det finst alternativt areal ein kan bruke til dette, utan at ein må køyre gjennom byggefeltet for å parkere. Ved synfaring 09.02.22 opplyste Frekhaugmarka Vel om at vi har lokalisert slikt areal i utkanten av feltet. Herifrå er det gangavstand til friområdet. Skilting til dette arealet vil hindre auka trafikk i Galtenesvegen. Vellaget er av den oppfatning at temaet parkering burde vært tatt opp som ei eiga sak med vidare horisont og evt endring av eksisterande reguleringsplan. Vi stiller oss positive til å kunne samarbeide med Alver kommune og BOF om eit slikt tiltak.

Dispensasjonen som kommunen har gitt er for bygging av parkeringsplass innanfor byggjegransa mot sjø og 100 meters beltet. Vi registrerer at i saker der private utbyggjarar etablerer tiltak som medfører auka trafikk, så blir det stilt rekkjefølgjekrav for opparbeiding av trafiksikkerhetstiltak, slik som mellom anna fortau eller gang og sykkelveg. Dette er ikkje gjort i denne saka, trass i det er et påtrengande behov for dette, med sterk auke i trafikken. Vi oppfattar at dette viser at kommunen ikkje har hatt fokus på trafikktryggleik i denne saka.

Samanfatning

Med bakgrunn i ovannemnde klagar Frekhaugmarka Vel på Alver kommune sitt vedtak i sak 21/86017 som gjeld dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø, for etablering av parkeringsareal på gnr 234 bnr 204 for friområdet i Halte johansvika.

Vi stiller oss negative til dette vedtaket, da vi allereie har erfaring med dei trafikale konsekvensane som parkeringsplass i enden på Galtenesvegen har fått på eit underdimensjonert vegnett i Galtenesvegen. Vi kan ikkje sjå at saksframstillinga til kommunen tek omsyn til våre merknadar i saka. I perioden parkeringsplassen har vore open har det vore stor auke i trafikken, med full parkeringsplass og parkering langs etter Galtenesvegen. Dette er særleg utfordrande for born og unge i feltet, som på delar av vegen ikkje har noko trygt trafikalt tilbod. Vi ser at skilta fartsgrense på vegen ikkje blir respektert. Vi er svært uroa for at det vil skje trafikkulukker her dersom ein no gjenopnar parkeringsplassen. Møte mellom bil og mjuke trafikantar vil alltid gå ut over dei mjuke trafikantane. Galtenesvegen er også skuleveg, Vi har ingen å miste i Galtenesvegen. Vi oppfattar gjenopning av parkeringsplassen, slik dispensasjonen opnar for, som eit klart brot på visjonen til Statens vegvesen om 0 hardt skadde og drepne i trafikken. Det er ikkje trafikksikkert å auke trafikkmengda gjennom bustadfeltet.

Vi oppfordrar til at Frekhaugmarka Vel, saman med Alver kommune og BOF kan vurdere alternative areal for parkering som ikkje inkluderer køyring gjennom bustadfeltet. Frekhaugmarka Vel har forslag til slikt areal. På generelt grunnlag burde parkeringsareal til friluftsområde vurderast på ein større skala og frå fleire innfallsvinklar, eventuelt som endring av eksisterande reguleringsplan. Vi er overraska over at kommunen ikkje stiller krav eller sjølv stiller opp med trafikale forbetringar av Galtenesvegen, slik det er vanleg at private utbyggjarar må bidra med i slike saker.

Frekhaugmarka Vel stiller seg i denne saka positiv til etablering av eit par plassar til handicapparkering innanfor det aktuelle område. Dette vil sikre denne gruppa tilfredsstillande tilgang til Haltejohansvika.

Sigmund Bødal

Frekhaugmarka Vel

Kopi : Statsforvaltaren